



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### Rogaland Pelsdyrfôrlag SA - Søknad om løyve etter forureiningslova for produksjon av pelsdyrfôr. – Utlegging til offentleg innsyn.

Rogaland Pelsdyrfôrlag SA har den 26.11.2015 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova, jf. §§ 11 og 16 for produksjon av inntil 40000 tonn pelsdyrfôr.

Verksemda er lokalisert på gnr./bnr. 95/123 i Hå kommune, besøksadresse Oddane 2, 4365 Sirevåg. Verksemda er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I (direktiv 96/61/EF, IPPC) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingskapasitet på over 10 tonn per dag», og skal difor ha særskilt løyve etter forureiningslova.

Verksemda har avtale med Hå kommune om påslepp av prosessavlaupsvatn til offentleg nett. Fylkesmannen har difor tidlegare ikkje funne det naudsynt å krevje løyve etter forureiningslova. På bakgrunn av forskriftskravet ovafor bad Fylkesmannen i brev av 11.6.2015 verksemda om å sende inn søknad om utsleppsløyve.

Mogleg forureining vil vere utslepp av fett og organisk stoff til kommunalt leidningsnett. Det vil i eit eventuelt endra løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdiar for å avgrense utsleppa.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentleg innsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>, på Rådhushuset i Hå kommune, Rådhusgt. 8, 4360 Varhaug og på kommunen si nettside.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan 5 veker frå kunngjeringspunktet.